



## Tårnagenthelg i Os kyrkje!

Les meir på side 8.



### I kriser er vatn kritisk

Les om Kirkens Nødhjelp  
fasteaksjon på **side 3**.



### Årets konfirmantar

Praktisk info og liste over årets  
konfirmantar finn du på **side 6**.



### Nye trusopplæringstiltak

Les om Påskevandring, Pinsevandring  
og skapingsdagane på **side 9**.

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygd.

#### REDAKSJON:

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

#### ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

#### UTGJEVAR:

Os sokneråd

#### ANSVARLEG REDAKTØR:

Gerhard Hansen

#### LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Picapoint Studio  
www.picapoint.no

#### FOTO FRAMSIDE:

Bjarte Haugland

#### TRYKK:

Borge Grafisk AS

#### OPPLAG:

8.055 stk

#### OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

#### LEIAR:

Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598  
antu-bjo@bkkfiber.no

#### OS KYRKJE:

Tlf. 56 57 24 10

#### KYRKJEKONTORET I OS:

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.  
Fax 56 57 24 01. E-post: post@os.kyrkja.no  
Kontortid: mandag-fredag kl.09-14

# Soknerådet er inne i sitt første virkeår

Januar har i så måte vore travel for dette soknerådet.

14. januar vedtok soknerådet (SR) budsjett for sitt første arbeidsår. Vidare hadde SR og stab felles møte der ein informerte om ulike sider og utfordringar i kyrkjelydsarbeidet.

Det er mange ting å gle seg over. Mange engasjerte medarbeidarar. Gode og funksjonelle planar er utarbeid for trusopplæringsarbeid og diakoni/ omsorgsarbeid. Fleire nye tiltak vert sett i verk; språk-kafé med tanke på folk som skal bli betre i norsk og forstå norsk kultur og vere-måte. På trusopplæringsida har vi hatt første samling med tårn-agentar og fleire nye tiltak skal setjast i verk utover våren.

SR er glad for at kommunestyret har gjeve kommunal garanti for låneopptak til utbygging av Trinn III til kyrkjetunet og løyvd 2 millionar i investeringstilskot. På denne bakgrunn kan SR vidareføre prosess med å hente inn anbod og sette igong byggearbeidet framover våren.

Og ei utbygging av Kyrkjetunet er naudsynt. Stadig opplever vi at vi har for få rom til ulike samlingar, - og ikkje sjeldan er det trong for større rom når mange skal samlast. No ser vi løysing ikkje langt fram i tid.

Men det kommunale driftstilskotet avspeglar ikkje den folkevekst som er i kyrkjelyden.

Det kommunale driftstilskotet er berre justert for faktiske lønsjustering for dei stillingar kommunen har finansieringsansvar for. Auka tal born, unge, vaksne som skal ha kyrkjelege tenester er ikkje kompensert. SR har derfor gjennomgått ulike sider av verksemda og gjort nokre prioriteringar i bruk av midlar.

Eit forhold som vil vere synleg er reduksjon i tall på kyrkjeblad årleg. I år får du kyrkjebladet berre 4 gonger (mot 8 tidlegare). Med dette får SR ein netto innsparing på rundt 160-tusen. Samstundes aukar vi innsats på elektroniske informasjonskanalar. Facebook og ny web-side vil gje raske og utfyllande opplysningar om ting som skal skje. Vi vidarefører fast annonsering av gudstenester og andre samlingar i lokalavisa. For mange vil dette vere informasjonskanalar som mange alt er godt kjende med, men for dei som ikkje er «på nett» vert det noko dårlegare. Dette kan mange av oss vere med å kompensere med å vidareformidle aktuell informasjon til dei vi kjenner som treng dette lille ekstra.

Vi ønskjer å vidareføre kyrkjebladet som eit aktuelt informasjons- og reportasjebblad for det som skjer i kyrkjelyden, - samt gje nyttig informasjon omkring det som gjeld gravplassdrift i Os.

2016 vert eit spanande år. Soknerådet skal drøfte og fastsette nye målsettingar for arbeidet i kyrkjelyden. Eit arbeid som skal utløse engasjement, auka deltaking og ei kyrkje som vil møte osingar på ein inkluderande og god måte. Kyrkja skal både vere trygg og skal representere tradisjon og verdjar, samstundes som ein skal på ny formidle den viktige bodskapen om Jesus inn i vår tid og vår kvardag.







AKTUELT



Trass dårlege avlingar dette året, arbeider Dagne i åkeren for å førebu den tørre jorda på regnet han håpar vil kome.  
(Foto: Hilina Abebe/Kirkens Nødhjelp)

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2016:

# I kriser er vatn kritisk

*Akkurat no er millionar av menneske ramma av katastrofar verda over.*

Det siste året har Kirkens Nødhjelp gitt reint vatn til mellom anna flyktningar i Sør-Sudan, Nord-Irak og Syria, flomoffer i Malawi, tørkeramma i Etiopia og jordskjelvoffer i Nepal.

I Etiopia har vêrfenomenet El Niño skapt den verste tørka på 30 år. Ifølgje etiopiske styresmakter vil 10,2 millionar vere trua av kritisk matmangel i 2016. Meir enn halvparten av desse er born. 5, 8 millionar menneske er i akutt mangel på vatn.

Blant dei som er hardt ramma, er bøndene i Ankober-distriktet. 66-åringen Dagne i landsbyen Washa har sjeldan sett verre tørke gjennom sine 40 år som bonde.

– Eg har vore gjennom vanskelege periodar i livet mitt. Det har skjedd før at regnet ikkje har kome og vi har prøvd å overleve med det vesle vi har. Men dette er noko av det vanskelegaste eg har opplevd. Kvar einaste dag må heile familien stå over måltid for å spare på maten, fortel nibarnsfaeren.

## **Enorm mangel på vatn**

Tørka har skapt enorm vassmangel, ubrukelege avlingar og utarma beitemarker.

Bøndene mister dyra sine og dermed livsgrunnlaget sitt. Det vesle regnet som har kome, har ikkje vore nok til å gi avlingar. For å klare seg må bøndene selje dyra som har overlevd så langt i tørka. Dei blir tvunge til å selje kyr som har sørga for verdifull melk til borna i familien. No har mange snart korkje dyr eller pengar igjen. Dagne håpar fortsatt på regn, men er uroa for korleis han skal klare å drive jorda utan oksane sine.  
– Eksistensen vår avheng av dyra våre. Utan dei, blir det vanskeleg for oss å overleve. Eg veit ikkje kva eg skal gjere, seier Dagne fortvila.

Kirkens Nødhjelp er til stades i Ankober og fleire andre av dei verst ramma områda i Etiopia. Behova er akutte, og Kirkens Nødhjelp sørgjer for reint vatn og trygge sanitære forhold.

– Vi er i gang med nødhjelpsarbeidet og har allereie jobba førebyggjande i fleire månader. Men når omfanget er så stort, treng vi all den hjelpa vi kan få, seier generalsekretær Anne-Marie Helland i Kirkens Nødhjelp.

## **Du kan hjelpe**

Kirkens Nødhjelp treng di hjelp for å hjelpe. Tirsdag 15. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2016 av stabelen. Vi håper mange i Os blir med som bøsseberar og gjev pengar på bøssa. Kontakt Os kyrkje på [hll@os.kyrkja.no](mailto:hll@os.kyrkja.no)



## **BLI EN SUPERHELT!**

**Du kan pante flasker og gi pengene til fasteaksjonen**

## **Bøsseberar i Os:**

### **Informasjonsmøte torsdag 10. mars**

kl 1700-1800 i Os kyrkje og Nore Neset kyrkje.

For konfirmantar, foreldre og alle andre bøsseberarar i kyrkjelyden.



# Natt i TUNET

Den 22-23. januar arrangerte «Tune In» i samarbeid med kyrkja trusopplæringstiltaket «Natt i TUNET». Her var det samla i overkant av 100 deltakar.

Som tittelen seier er dette eit arrangement som går føre seg gjennom heile natta. Ei slik natt krev sitt for den som skal vere med. Dette medførte eit stort forbruk av energidrikk for deltakarane som for det meste sat i stolane sine, utanom når det var pause og matsservering. Dette er eit arrangement som har blitt godt innarbeida i Os og med det er det mange som veit om dette. Dei fleste av deltakarane deltok på LAN-et som hadde hovudfokus.

LAN er mange pc kopla opp mot same nettverk. Her vart det arrangert turneringar i forskjellige spel. I tillegg vart det òg vist film for dei som ynskte det.

Hans Christian Eide var med og delte frå livet sitt på ei samling som me hadde i kyrkja i løpet av kvelden. For at me skal kunne arrangere slike tiltak er me heilt avhengige av alle dykk frivillige og foreldre. Tusen takk til alle som deltok!



# Noahs Ark



Den 4. februar reiste alle konfirmantane i Os til Bergen for å oppleve Noahs Ark som har lege til kai i Bergen sidan før jul. I tillegg var konfirmantane innoft den eldste kyrkja i Bergen, Mariakirken, der dei fekk delta på ei liturgisk samling samt at dei fekk høyre litt av historia til Mariakirken. På arken fekk konfirmantane og frivillige gruppeleiarar moglegheita til å få eit djupdykk inn i bibelen gjennom vandringa på arken.

**Nytte tiltak!** Den 16. april ynskjer me å invitere til oppstart av eit nytt trusopplæringstiltak. Dette er eit tiltak som rettar seg mot 17 åringane i kommunen.

Tiltaket har fått namnet «på utskytningrampen» og tek sikte på å gje ungdommen nokre verktøy rundt tema som: «Kva formar deg» og korleis kan du sjølv «ta opp kampen» og velje deg inn i kven du vil være. Vidare litt om dette med identitet og «plass» i livet. Med oss på dette vil me få foredragshaldar Andreas Gravdal.

For spørsmål rundt dette tiltaket eller andre ting send e-post til [ljh@os.kyrkja.no](mailto:ljh@os.kyrkja.no)





# Tanker fra Barrow

## Har du noen gang hatt en følelse av å jobbe så hardt du kan, men aldri komme noe lengre?

Følelsen av å ta det tredje maling strøket på fjøsveggen. Du vet du har jobbet en hel dag, men du fortsetter å male den samme planken du allerede har malt siden du ikke ser forskjell på 2 og 3 strøk. Man gjør en jobb man må gjøre, men det er ikke like gøy som å ta det første strøket, da ser man selv fremgang og alle rundt deg ser hva du har gjort den dagen. Det er den følelsen jeg har hatt i det siste, ikke at folk rundt ikke ser hva jeg gjør, men at jeg selv ikke ser noen fremgang. Jeg har nå vært her en stund nå, jobben min er ikke lenger noe nytt.

Jeg har 4 ungdomsgrupper i uka og møter mange ungdommer hver uke. Spiller masse uno, lager kakao, selger snop, spiller billiard og bordtennis, men jeg kommer meg ikke tett innpå folk. Ja, det har bare gått noen måneder, men jeg skulle ønske jeg kunne ha sett litt fremgang.

Kanskje du tenker: "hva slags framgang tenker du? Du jobber med små barn og spiller uno på jobb?" Det er ikke det at jeg reiser til England for å se at en av ungdommene våre blir kristen annenhver dag! Men det hadde vært kjekt å se noe skje. Dette har vært noen av tankene mine den siste tiden her: "hva er vitsen, det er ingenting som skjer.. "Og frustrasjonen har vært der, ikke det at jeg ikke har likt å gå til jobb. Men tanken har vært der. Tanken

på om jobben jeg gjør i det hele tatt er til nytte. NMS bruker mye ressurser, jeg har en vertsfamilie som gir meg hus og mat og kirka har spart opp penger for at jeg skal være her. For å ikke glemme alle som ber. Tanken om alt dette gjør at jeg spør: er det verdt at jeg er her? Men så kommer det små steg, små oppturer som man klammer seg til og som gir svar på tanken: JA ,det er verdt det.

En gutt på bussen spør om du kan be, fordi han er redd og ikke får sove. Ikke fordi han er sikker på at det kommer til å funke, men at han er villig til å gi det en sjanse. Når et av de faste barna spør deg "hvorfør tror du på Gud ?" eller når ei jente du har fått bedre kontakt med sier» Ja, jeg vil ha Jesus i hjertet». Vi har snakket mye om det i det siste, at jobben vi gjør er å så frøene, men at vi ikke alltid ser at det blomstrer. Det kan skje mange år etter at jeg har forlatt Barrow. Men det ER ting som skjer, uten at vi alltid ser det. Jeg leser Markusevangeliet sammen med mentoren min på tirsdager, og leste vi om såkornet. Jeg har lest og hørt disse versene mange ganger, men først nå ga det skikkelig mening.

---

**Og så sa han: Med Guds rike er det slik: det er som når en mann har sådd korn i jorden. Han sover og står opp, det blir natt og det blir dag, og kornet spirer og vokser men han vet ikke hvordan det skjer."**

MARKUS 4 26-27.

---

Gud jobber virkelig her. Jeg tror han har en større plan for denne byen, og han jobber selv om jeg ikke ser hvordan eller hva. Så om dere går ut for bønneemner ( om det går ann ) kan jeg gi dere en liste om ting vi trenger bønnehjelp til:

- Be for barna som kommer hver uke, om at at dette skal bli et sted der de kan la frøet spire, og at troen skal ta rot i hjertet deres.
- Be for de frivillige som ofrer sin tid for å komme å hjelpe til i kirka.
- Be for alle som skal holde andakter, om at Guds ord skal komme igjennom de og for at barna som hører på skal forstå hva som blir sagt.
- Pris herren for alt som skjer her, både det vi ser, og det vi ikke ser
- Be for teamet om at vi skal lytte på det Gud har å si og sammen bruke våre gaver for å gjøre det han ønsker at vi gjør.

En ny ungdomstur til Barrow er i sin spede planleggingsfase. Vi satser på å reise i høstferien. Mer informasjon kommer på nett og facebook.

**Margrethe Hodne**

NMS ETTÅRING I BARROW 2015/16



# Konfirmasjon i Os

Ei Konfirmasjonsgudsteneste er ei vanleg gudsteneste, men der kvar konfirmant kjem fram til alterringen og vert bedt for. Program med dei ulike liturgiske ledd + salmane som skal syngjast vert delt ut til alle som kjem for å delta i gudstenesta. For kvar kyrkje er det egen namneliste over kven som vert konfirmert ved kvar gudsteneste, med tid og dato.



## Plassar i kyrkjene

Det vert reservert plassar i kyrkjene, **berre for konfirmantane**. Det er ikkje maksimumstal på kor mange gjestar kvar konfirmant kan be med til kyrkja; kvar konfirmant/familie ber med seg dei ein ønskjer skal vere til stades. Ver derfor ute i god tid. Det vert alltid fullt slik at dei som kjem sist må kanskje stå. Det vert teke opp offer til konfirmantarbeidet ved kvar konfirmasjonsgudsteneste, så fint om ein har med kontantar.



## Parkering

Ved Nore Neset kyrkje er det avgrensa med parkeringsplass ved kyrkja, men det er anledning å parkere ved skulane (5-7 min gange). Ved Os kyrkje kan ein parkering ved nedre skuleplass (fotballbanen) og i Os sentrum.



## Fotografering

Ein må gjerne fotografere når konfirmantane kjem inn i kyrkja og når dei går ut. Mange synes også det er flott å ta bilete av konfirmanten på kyrkjebakken etter gudstenesta.

## Os kyrkje

**Laurdag 23. april**

### Kl. 11:00

Aileen Simone Jørgensen  
Amanda Ness  
Amanda Trøøyen  
Anders Solstrand Ludvigsen  
Andrine Dale Fløysand  
Benjamin Nagelsen-Balland  
Celine Tungodden Bratland  
Celina Dorthea Dedekam Sveen  
Christoffer Arntzen Eikaas  
Daniel Solberg  
Daniel Valderama David  
Eirik Hodneland  
Elias Hovdenes  
Gabrielle Ivinskyte Lundekvam  
Hallgeir Helgesen  
Josefine Lunde Hansen Bø  
Julia Alexandra Lunde Fagerthun  
Kaja Lyssand Nymoen  
Leonard Skår  
Linn Helen Moltubakk  
Maria Solberg Johannessen  
Marie Flåten Steinum  
Mariell Aslaksen  
Marit Sperrevik Wold  
Mats Segelvik Øvredal  
Mikael Bjørge  
Ola Berge Brunvatne  
Renè Breivik  
Sara Skaatun  
Sara Louise Wiers  
Thea Langdal Eidsvåg  
Torkel Klett Døsen



---

## Os kyrkje

**Søndag 24. april**

---

**Kl. 11.00**

Marita Hjertholm Rød  
Alida Hove Hauge  
Amanda Bøe  
Annabelle Bøe Lunde  
Arianne Gjerde Solemdal  
Bianca Marie Dale  
Frida Holmaas  
Hanna Moberg Rosland  
Henrik Blindheim Skjælaaen  
Ida Nybø Lyssand  
Kenneth Knudsen  
Knut Jordal  
Maria Dahl  
Marius Karlsen  
Martin Heggøy Bergsvåg  
Ole Martin Lekven Kolskogen  
Stina Borgen  
Tuva Kvittingen  
Sebastian Buczynski

---

## Nore Neset kyrkje

**Søndag 24. april**

---

**Kl. 11.00**

Casper Røttingen Lunde  
Erik Lekven  
Elias Storum Vikøyr  
Håvard Bruvik  
Ida Loeshagen Røttingen  
Jens Christian Røttingen  
Jørgen Wallem Aspaker  
Kristoffer Heggland Turøy  
Lauritz Håkonsund Børgesen  
Lena Skeie  
Marius Østgulen Hevrøy  
Martin Joar Dahl Presttun  
Sebastian Lekven

---

## Os kyrkje

**Laurdag 7. mai**

---

**Kl. 11.00**

Andrine Lothe Måge  
Anders William Lukas Lekven  
Anna Martine Særvold Mjånes  
Camilla Søfteland  
Cassandra Louise Solheim Bruland  
Elida Sofie Haugen Kordts  
Elise Moberg

Emilie Askvik Tøsdal  
Filip Uglehus Rød  
Fredrik Kleppe  
Frida Døsen Moberg  
Håvard Lekven Jonsvoll  
Ida Skaathun Blindheim  
Jakob Hollevik  
Johanna Bugge Gjerdevik  
Julie Dyrøy  
Lucas Liam Blålid  
Lena Lekven Ellefseth  
Madeleine Undheim Iregens-Hagevik  
Maja Sofie Ådland Bach  
Maria Haustein  
Mariell Heidal Håvik  
Martin Teigland Haaland  
Miriam Sundsbak Larsen  
Morten Kallestadbakken  
Ragnhild Kristine Midtbø  
Rebecka Mikkelsen  
Sindre Hatvik Gaassand  
Stine Eidsvik Flint  
Sunniva Solhaug Mosaker  
Tuva Søreide Solberg  
Veslemøy Stokke  
Weline Hatvik Gaassand  
Åshild Underhaug Berle

---

## Nore Neset kyrkje

**Laurdag 7. mai**

---

**Kl. 11.00**

Bjørnar Sandvik  
Emil Johansson Rogne  
Emma Bahus Heimtoft  
Emma Eidsvik  
Florence Østrem Over  
Kristoffer Lyssand Løberg  
Magnus Borgen  
Malene Berland  
Markus Lund Valvik  
Marthe Høyeholt Johannesen  
Martin Døsen Borgen  
Nora Linn Aasen  
Tilde Baggen

---

## Nore Neset kyrkje

**Søndag 8. mai**

---

**Kl. 10.00**

Elizabeth Rosenfelde  
Kasper Fagerbakke Hovland  
Markus Hufthammer  
Martine Frotveit Johnsen

Martine Særvold Pedersen  
Sondre Mjåtveit Haugland  
Tom André Økland Larsen  
Vilde Bahus

**Kl. 12.00**

Børge Breivik Benjaminsen  
Jan-Erik Ødegaard  
Katrine Storheim Sørstrønen  
Mathias Skorpen Kaastad  
Daniel Drange  
Hedda Kristin Sværen Bergo  
Ida Nybøe Sørstrønen  
Ida Wik  
Jonathan Thorsen Haugan  
Kristoffer Røttingen  
Tobias Hagen Røttingen  
Vidar Stølsnes

---

## Os kyrkje

**Søndag 8. mai**

---

**kl. 12.00**

Amalie Bjånesøy  
Andreas Thomassen  
Benedicte Bruarøy Ottesen  
Fredrik Sivertsen Garvik  
Ida Holstad Søviknes  
Joakim Olsen  
Adrian Klausen Holck  
Anders Nordal Bøe  
Camilla Halhjem  
Caroline Lundgren  
Endre Saltnes  
Even Nøkleby Søgner  
Fredrik Klausen Turøy  
Jenny Elise Gylløw Rokne  
Joacim Bøgevang Gudvangen  
Johanne Marie Palm Frantzen  
Jon Hægland  
Kim Frode Nyland  
Kristoffer Lekven Sivertsen  
Lars Moberg Haukeland  
Marthe Gaassand  
Miriam Pettersen Olsen  
Peder Saltskår Jentoft  
Rebecca Engelsen  
Silje Rubach Kanestrøm  
Silje Marie Larsen Torsvik  
Sophie Louise Linde  
Stian Vernøy Hansen  
Tobias Nøss  
Vendela Bjaanes Bahus  
Mathias Bakkely  
Tiril Urangsæter Merkesne





# Fantastisk Tårnagenthelg i Os kyrkje!

Os kyrkjelyd har arrangert Tårnagenthelg for 9-åringane i Os for første gong. Lørdag og søndag 13. og 14. februar 2016 vart alle 9-åringane i Os inviterte til å vere Tårnagentar i Os kyrkje. Tårnagentane fekk eigne agentbevis og «agentkoffert» slik at dei kunne løyse oppdrag og mysterium.



Tekst: Gro Helen B. Skjælaaen  
Foto: Bjarte Løvaas Haugland

Tårnagentane er eit nasjonalt trusopplærings tiltak og er utarbeida av Den norske kyrkje i samarbeid med Søndagsskolen. Denne helga fekk 3.klassingane mykje opplæring i korleis vi, gjennom bibelforteljingane, kan læra å bli gode agentar for kvarandre og for det gode.

Tårnagentane fekk høyra og oppleva at desse «tipsa» kan tas med og brukas inn i kvardagen vår i dag. Til dømes viser forteljinga om «den miskunnsame samaritan» oss at vi kan vere ein god neste og bry oss om, ikkje berre dei vi kjenner, men og ukjende vi møter.

Gjennom heile laurdagen farta Tårnagentane rundt om i kyrkja på oppdrag; frå høgt i klocketårnet og heilt ned under golvet i kyrkja.

Den mystiske agenten kom fleire gonger med oppdrag som borna skulle løysa. Eit av oppdraga handla til dømes om usynleg skrift. Her fekk borna læra å skriva usynleg skrift, men og høyra at dåpen er eit slags usynleg teikn som dei ber med seg heile livet.

På gudstenesta på søndagen fekk Tårnagentane det siste oppdraget, og det fulle løysingsordet vart openberra. Tårnagentane hadde fortent løn for oppdraga, og dusøren vart delt ut.

For oss i «staben» har denne Tårnagenthelga vore heilt fantastisk! Men vi har hatt mange frivillige med oss i gjennomføringa; på kjøkenet, til å baka pizzasnurrer, til å ta med «agentsnacks» til kyrkjekaffien og til å vera gruppeleiar for borna.

Vi er utruleg takknemlege for samarbeidet med alle dykk! Samstundes vil vi retta ei særskild takk til dei tre som har vore med i planlegginga og gjennomføring av Tårnagentane 2016; Svante Havåg, Anne Sundfjord og Eirik Rødberg. Tusen takk for at de var med og gjorde Tårnagenthelga til det den vart!



## Opplev påska! Påskevandring for 5-åringar

Er du 5 år, eller blir 5 år i år? Gle deg! Då får du snart invitasjon i posten! Måndag 14.mars kl 17 – 18.30 inviterer Os kyrkjelyd til nok eit nytt trusopplæringstilbod. Denne gongen for 5-åringane.

Påskevandring for 5-åringane er ei interaktiv påskevandring i kyrkja. Vi brukar eit utarbeida opplegg frå England der borna aktiv får «gå» gjennom påskeforteljinga. Vandringa inneheld seks stasjonar med kvar si overskrift som representerer dei sentrale hendingane og dagane i påska. Vi ser for oss at det kan vere vanskeleg å senda 5-åringen åleine på dette tiltaket, så ein forelder er hjarteleg velkommen til å vera med. Tidspress er eit vel kjend omgrep for småbarnsfamiliar, og vi ønsker å leggja til rette for litt mindre av dette. Vi førebur «Suppekafe'» i kyrkjetunet kl 16 – 17, timen før opplegget startar i kyrkja. Sjå etter invitasjon i posten! Vel møtt!

### Vil du hjelpa til?

Dersom du som les ønskjer å hjelpe til med ei praktisk oppgåve i dette tiltaket, ta kontakt med kyrkjekontoret; tlf 56 57 24 00. Det kan til dømes vere; leia ei gruppe born i vandringa, eller hjelpa til på kjøkenet. Vi er utruleg takksame folk!

## 10-åring - no er det din tur! «Pinsevandring på pilgrimsvis»

Kva er ein pilgrim? Og kvifor feirer vi pinse? Dette, med meir, får 10-åringane læra meir om i Os kyrkjelyd sitt nye trusopplæringstilbod.

10-åringane vert invitert til å delta på eit pinseopplegg i omgjevnadane rundt flotte Lyse Kloster. Opplegget vert gjennomført i samarbeid med Speidaren. Borna skal få vandre frå Søftaland til Lyse Kloster ruinane. På vandringa får dei ulike oppgåver og utfordringar som skal gje dei betre innsikt i pinsen. Følg med i i mai, då kjem det invitasjon i posten!

# Skapingsdagane 2016

«Du er skapt til å bruka heile deg!» 22. – 24. juni, kvar dag kl 9 – 15, i Kyrkjetunet på Os.

Skapingsdagane 2015 må vi kunne seia at var ein suksess, for både vaksne og born. No nærmar det seg ei ny gjennomføring. Vi har med oss dei same kunstnarane som i fjor, men utvidar i år med nytt kurs; dramakurs med Edle Lunde Svendsen.

«Skapingsdagane» er eit tilbod for 7-og 8-åringane i Os. Dei vert invitert til kreative dagar saman med flotte kunstnarar, til å bruka heile seg og skapa noko nytt ved å bruka seg sjølve, ulike materiale og på ulike måtar. Bibelforteljinga om Skapelsen er utgangspunktet for det som skjer desse dagane. Dei får høyre at dei er skapt i Guds bilete, til fellesskap med kvarandre, og til å dele av det vi har fått.

- **Fotografering** - Knut Inge Johnsen viser dei korleis vi tek eit bilete.
- **Maling** - Vidar B. Mæland lar dei få bruke pensel og skape eit maleri.
- **Leire** - Saman med Eli og Geir Bjånes skapar dei uttrykk i leire.
- **Kreativ dans** - Malin Nøss Vangsnes lærer borna å danse.
- **Trommesirkel** - Saman med Lars Kolstad får dei leike med trommer og rytmeinstrumenter.
- **Drama** - Saman med Edle Svendsen Lunde får borna leike seg i ulike roller.

Dette er eit flott alternativ til SFO. Det kostar litt å gje borna eit slik tilbod, så det vert ei kursavgift. Kursavgifta er ikkje fastsatt endå. Set av dagane!





## Strikkedugnad!

Frivilligsentralen og kyrkjelyden arrangerer strikkedugnad. Alt no er det mange som deltek, og du er òg velkomen til å vere med.

### Dugnaden har to strikkeprosjekt:

Strikk for livet. Ver med og strikk ei kuvøse (hue, sokkar, genser og teppe) til for tidlig fødte barn i Afrika.

### Ull og omtanke

Strikk ein lapp til ullteppe som kan varme kreftpasientar. Lappane blir sydd saman etterpå.

Opplegget er slik:

- Du strikkar der du er.
- Du lever inn på Frivilligsentralen eller på kyrkjekontoret.

Strikkeoppskriftene finn du på kyrkjelyden sine nettsider [www.os.kyrkja.no](http://www.os.kyrkja.no) eller på kyrkjekontoret.

**Tysdag 19. april kl.15-18 blir det utstilling på kyrkjeflaten, med avslutning på Frivilligsentralen.**

*Velkomen til å delta!*



# Velkomen til Kveldsope

- eit møtepunkt for oss som har mista ein av våre nærmaste

Eit dødsfall kan snu opp ned på tilveret, og gjere det vanskeleg å sjå korleis livet nokon gong skal bli godt igjen.

Mange etterlatne kjenner seg einsame og motlause. Barn, ungdom og vaksne reagerer ofte ulikt. Sorga er tung, men kan bli lettare å bere av å snakke med andre som har opplevd det same.

Kveldsope er eit tilbod til deg som ønskjer å møte andre i same situasjon - som forstår kva du føler og tenkjer på. Det kan vere enklare å finne håp og pågangsmot saman med andre.

### Eit tilbod for alle som har mista

- Då vi starta Kveldsope i fjor, retta vi oss mot etterlatne med omsorg for barn og unge. No ønskjer vi å utvide tilbodet, slik at vi femner om alle som har mista nokon av sine nærmaste, seier kommunepsykolog, Sunniva Barmann Teige.

- Vi samlast over ein kaffikopp i Frivilligsentralen sine lokale i det gamle kommunehuset på Kyrkjeflaten, og snakkar om erfaringar, kjensler, utfordringar og det kvar enkelt av oss elles måtte føle for å ta opp. Kveldsope er eit lågterskeltilbod utan andre forpliktingar enn at det som vi deler i rommet, blir der.

**Kveldsope** er eit samarbeid mellom Os kyrkje, Frivilligsentralen og Os kommune.

**Stad:** Det gamle kommunehuset.  
**Tid:** 19.30-21.00.  
**Datoar i 2016:** 15. mars, 31. mai, 6. sept., 15. nov.





KONFIRMANT  
FOTOGRAFERING

2016

TA KONTAKT

FOTOGRAF@SILJELEPSOY.NO

40 45 19 68

FOTOGRAF  
*Silje Lepsoy*

BRUGATA 42, 5200 OS - 40 45 19 68 - FOTOGRAF@SILJELEPSOY.NO

WWW.FACEBOOK.COM/FOTOGRAFSILJELEPSOY/



## Salme 218:

# Kan eg vel syngja Herrens pris

Ein engelsk tekst frå 1600-talet som fekk nytt liv då briten Kenneth Naylor (1931-91) skreiv ny musikk til han på 1900-talet. Det er ein av dei mange omsetjingane som Arve Brunvoll har gjort. Salmen er til Kristi himmelfartsdag, men passer bra til lovsong.

*Kan eg vel syngje Herrens pris der englar syng i kor,  
Og love han på himmelsk vis, eg som er støv og jord?  
Sjå, flokkar står i tusental med hyllingsrop for deg  
kring trona i din tempelsal, men eg, kven er då eg?*

*På dei skin herlegdomen fritt, eg søker dine spor;  
ein tone når til øyret mitt, dei ser kor du er stor.  
Dei syng, for du er deira sol, lat meg ein glime sjå,  
så skal og til din himmelstol mitt halleluja nå.*

*Lat trua gje mitt hjarte ljøs, gjer kjærleik til min trong;  
så syng eg med til Herrens ros, i himmelkorets song.  
Vel ottast eg at elden min lett sloknar ut og kverv;  
men når dei ofrar gull som skin, tak du imot min skjerv!*

*Du, einast, er, og av ditt ord vert livet skapt kvar stund;  
din kunnskap, Herre, er den snor som mæler djupast grunn.  
For du er havet utan strand, var sol før alt som skin,  
på deg legg inga tid sitt band og kvar ein stad er din.*

Andrew Holman

## Sokneprestens hjørne:

# Hitler tok livet av 6 millioner jødar Han åleine?

### Korleis var det mogeleg å drive industrielt folkemord i eit «sivilisert» Europa?

Korleis kunne Holocaust skje på vårt kontinent. Menneske vart henta ut av heimane sine, samla saman i kuvogner og sende med tog over heile kontinentet. Dette var ikkje ein manns verk! Dette var heller ikkje eit parti sitt verk! Dette var mogeleg av di mange var villige til å gå inn i heimane og hente ut menn, kvinner, born. Dette var mogeleg av di ingen saboterte transport. Dette var mogeleg av di så mange var tause vitne til det som hende. «Det motsatte av kjærlyghet er ikke hat, men likegyldighet» har Elie Wiesel sagt.

Marte Michelet si bok «Den største forbrytelsen» vart gjeven ut i haust. Den syner korleis det norske holocaust var mogeleg, av di antijødiske haldningar hadde godt fotfeste i det norske folket lenge før okkupasjonen. Det var ikkje berre overtydde nazistar som var medløparar under jødeaksjonane i Noreg.

Den syner kor farleg det er når ein generaliserer og teiknar fiendebilete av grupper av menneske som er annleis enn «oss». Boka er vel verdt å lesa som det den er, ei framstilling av ein traumatisk del av vår historie. Samstundes gjev ho lærdom for notid og framtid. For det skjer igjen. Framandfrykt og framandhat er

veksande hjå oss. For nokon er det «jødane» for andre «muslimane» eller andre grupper som vert hatobjekt.

Frykt for terror bidreg og er olje på bålet. Men vi må ikkje gløyme at i Europa i etterkrigstida er mykje av terroren utført av menneske frå vår eigen kultur og med kvit hudfarge.

Som kristen kyrkje må vi hugse at «skapt i Guds bilete» kjenneteiknar arten menneske. Kvar individ er berar av Guds bilete, og må verdsetjast for det.

Margrethe Holmboe Askeland

SOKNEPREST





## Referat frå møter i Soknerådet:

### Soknerådsmøte 14. januar 2016



Margrethe innledet møtet med fortellinga om kvinnen ved brønnen og hennes møte med Jesus og det levende vannet. Første sak på programmet var gjennomgang av budsjettet for 2016. Kirkevergen gjennomgikk de ulike punktene både på inntekts- og utgiftssiden.

### Utbygging av Kyrkjetunets trinn III

Dette er den største satsingen for kyrkjelyden dette året. Denne utbyggingen vil pålegge oss store utgifter for årene fremover. Soknerådet diskuterte forslag til hvordan vi kan øke inntektene våre. Det er tidlegare bestemt at frekvensen for offer til K-tun ved gudstjenestene skal økes. Minnesamvær etter begravelsar er ein viktig inntekt til K-tunet. Det må rekrutteres flere frivillige for å kunne imøtekomme etterspørselen av denne tjenesten. Rekruttering og motivering til fast givertjeneste til K-tun, trinn III er et pågående arbeid som blir videreført. Er vi frimodige nok til å be om testamentariske gaver?

### Kyrkjebladet

Blir distribuert til alle husstander i kommunen. Det er ein viktig informasjons- og kommunikasjonsarena mellom kirken og innbyggerne i kommunen. Bladet blir finansiert ved ein frivillig egenbetaling fra husstandene. Det har vært lav respons på bruk av giroen som vedlegges bladet, og det ble diskutert mulige andre betalingsmåtar, eks. via telefon? Skal Kyrkjebladet fortsatt være på papir, eller skal det utgis digitalt? Det ble diskutert og vedtatt, med knapt flertall, på møtet at antall utgivelser av bladet skal reduseres til 4 i år.

### Språkkafé

En arbeidsgruppe har drøftet hvordan vi kan møte flyktningar og innvandrere som kommer til vår kommune. Besluttet at de vil starte med ein språkkafé så snart det lar seg praktisk gjøre.

Torild Aadland

### Soknerådsmøte 11. februar 2016



Os Sokneråd hadde nytt møte 11. februar. Viktige saker var m.a. rekneskapen for 2015, som viser eit driftsoverskot på kr 439.660,-.

Det er særleg meirinntekter på festeavgifter og julemessa som er dei største einskildpostane som bidrar til overskotet. Deretter vart årsmeldinga lagt fram, som i likskap med rekneskapen, vart godteke av SR (Soknerådet), med mindre merknader. Det vart også vedteke ein programkomite for årsfesten, den 14. april.

SR tok også stilling til kva for utval Os kyrkje skal ha, og kven frå SR som skal vera med i dei ulike utvala:

- **Gudstenesteutval:**  
Jo Kåre Herfjord og Jorunn Hodneland
- **Diakoniutval:**  
Knut Inge Johnsen og Anne K. Wivegh
- **Trosopplæringsutval/  
undervisningsutval:**  
Edle Svendsen Lunde og Kay Even Hægland
- **Misjonsutval:**  
Leif E. Fjellvang og Kjellaug Aase Fyllingsnes
- **Krinsutval for Nore Neset:**  
Oddvar Sandtorv og Tonje Hernes

SR vedtok også å godkjenne den nyoppretta arbeidsgruppa for innvandringsarbeidet i kyrkjelyden, og gav økonomisk støtte til denne. Arbeidsgruppa si oppgave er i første omgang å planlegge, gjennomføre og evaluere språkkafeen, som blir halden i Kyrkjetunet annankvar mandag, og engasjere frivillige i dette arbeidet.

Knut-Inge Johnsen



## Klimafakta & miljøtips

### Marsjordre frå Paris

Ved klimatoppmøtet i Paris slo statsleiarar frå 195 land fast at klimaendingane representerer ein farleg og kanskje usueleg trussel mot menneske, dyr og natur. Større global oppvarming enn frå 1,5 til maksimum to grader kan ikkje kloden tola. Til no har temperaturen auka med rundt 0,9 grader. For å vera rimeleg sikker på å unngå større global oppvarminga enn to grader, må rike land kutta klimagassutsleppa med rundt 80 % innan 2030.

Det er no opp til oss, både som samfunn og som enkeltindivid, å gjera det som må til for å nå dette målet. Etter klimatoppmøtet i København i 2009 vart den såkalla 10-10 aksjonen lansert. Bruk av fossile brennstoff skulle reduserast slik at eige klimafotavtrykk gjekk ned med 10% frå 2009 til 2010. Mange greidde å kutta utsleppa, men ikkje mange nok til at utsleppa nasjonalt gjekk ned.

Me er kanskje meir modne for å greia dette no. Det bles ein klimavenleg vind over landet, også mellom næringslivsleiarar og investorar. Dette gjev von om at noko viktig er i emning. Som leiaren i Kirkenes Verdensråd, Olav Fykse Tveit uttrykte det i forkant av Parismøtet: «Det er tid til å skapa håp. I saman. Me kan!»

Gunnar Kvåle

## Kyrkjelyden har tre gode prosjekt du kan støtte:

- **Fast gjevarteneste til kyrkjetunet.**

Til konto 3201.53. 23506  
Last gjerne ned avtalegiro frå [www.os.kyrkja.no](http://www.os.kyrkja.no) og send til skjema til kyrkjekontoret.

- **Gjevarteneste til ungdomsarbeidaren**

(til ungdomspresten)  
Konto 2101 53 23506

- **Einskildgaver eller faste gaver**

- **Gåve til barne- og ungdomsarbeidet.**

Til konto 3201 53 26254.  
Merk gåva/beløpet  
kva det skal gå til.



## «Open søndag i Tunet»

Her er steder og datoer for Open Søndag i Tunet, fra kl 18-20:

14.02	Eldstova
13.03	Os Kyrkje
10.04	Nore Neset kyrkje
08.05	Eldstova
05.06	Nore Neset kyrkje

Lovsong, undervisning og forbøn.



## Takk til deg som har betalt bladkontigenten!

Kyrkjebladet kjem ut fire gongar i året til alle husstandar i Os, med informasjon og reportasjer på kva som skjer i kyrkjelyden. Har du betalt kontigent takkar vi for ditt bidrag!

### Ønskjer du å bidra med kontigent?

Den betales inn til kontonr. 3201.53.23484 (Os Sokneråd)  
Merk betalingen med Os Kyrkjeblad 2016.  
Det kostar kr 200,- pr. år (250,- om du bor utanbygds).

# TRAVELNET

REISEGARANTI  
RGF  
FONDET

**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300

e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no) | [www.verden.no](http://www.verden.no)

## KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**

Tlf. 56 30 44 90

**JERNIA**  
[www.jernia.no](http://www.jernia.no)



## Norhordlandsmusikken kjem på vitjing!

Det vert sangmøte i Os Kyrkje søndag 10.4.2016. Kl 17.00. Dette er i samsong med Os Kyrkjekor. Norhordlandsmusikken er eit stort blandakor som har rotfeste i bedehustradisjonen. Vel møtt!

*Os kyrkjekor*

## Join Us Vårshow

Join Us Ten Sing sitt vårshow går av stabelen fredag den 13. mai. Her vil det bli korsong, dans, drama og flott musikk. Vi håpar at DU vil ta turen til Os kyrkje kl 1900 denne dagen.

## Ny Facebook-side

Endeleg, vil kanskje nokon tenke: Os Kyrkjelyd har no oppretta ei ny side på Facebook, som skal nyttast aktivt til å fortelje om aktivitetar og arrangement i regi av kyrkjene i Os.



Her kjem det beskjeder og info om gudstenester og faste tilbod, men også arrangement og tilknytt trusopplæring, konsertar og andre nyhende. Gå gjerne inn på [www.facebook.com/oskyrkje](http://www.facebook.com/oskyrkje) og lik/følg sida - då støtter du opp og held deg orientert på same tid!

Ønskjer du å være med Senior-Koinonia på vårtur blant fjell og li og fjord?

Hold av datoane 23. - 27. mai

## Fredagstaco!

Velkomen til Fredagstaco i Kyrkjetunet. Vi møtest på følgande dagar i vår:

- 18. mars kl 17-19
- 15. april kl 17-19
- 3. juni kl 17-19

Sjå kyrkjelydens nettside eller facebookgruppa Fredagstaco i Os kyrkjelyd for meir informasjon.

## MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein huske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å hjelpe til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no). Vi er her. Alltid.

Kirkens SOS

**Ope hus** Med lovsong, undervisning og forbøn. Hos Grete og Vegard Hodneland, Velumsbrekkene 28, desse torsdagane kl 19.30: 3/3, 31/3, 21/4 og 26/5.

DRENERING • MURING • SPRENGING

## Botnevik Samdrift DA

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID



## Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:

**Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, [elek-3@online.no](mailto:elek-3@online.no)



## DØYPTE

### 22. november

Samuel Sirevåg Bjerkestrand	f. 08.09.2015
Astrid Midtun Langeland	f. 30.08.2015
Alicia Kristine Eriksen	f. 24.02.2015

### 6. desember

Pernille Hagesæter	f. 01.09.2015
--------------------	---------------

### 13. desember

Aili Aurora Rossland Aamodt	f. 26.08.2015
Jenny Michelle Lyssand Andersen	f. 02.07.2015
Noah Eikeland-Lindborg	f. 20.08.2015
Louise Fjellberg	f. 09.08.2015
Henrik Johannes Netland-Flakke	f. 12.09.2015
Oliver Bertin Jellestad Sandø	f. 20.09.2015
William Matheo Jellestad Sandø	f. 20.09.2015

### 27. desember

Ellinor Austevoll	f. 09.11.2015
Helle Mulelid Bøthun	f. 21.08.2015
Aasmund Bøthun Engesæter	f. 17.09.2015
Mathea Austevoll Nielsen	f. 22.09.2015
Tommy Stabben	f. 30.08.2015

### 3. januar

Milian Epland	f. 29.09.2015
Adam Dale Tveit	f. 05.09.2015

### 10. januar

Håkon Kvinge Austevoll	f. 10.09.2015
Tobias Pucci Bratholmen	f. 08.10.2015
Lars Hermansen Dale	f. 12.09.2015
Alma Lyssand Haga	f. 28.08.2015
Sverre Drange Holmaas	f. 19.10.2015
Sigurd Aasgard Lyngøy	f. 11.09.2015
Selma Lyssand	f. 05.10.2015
Johanna Rotvik Tunestveit	f. 09.10.2015
Sophie Drange Walle	f. 29.10.2015

### 24. januar

Ariana Lekven Garvik	f. 24.09.2015
Filippa Maria Kvittingen	f. 09.10.2015
Kim Andre Olsen	f. 31.07.2015
Leon Strønen Røen	f. 22.10.2015

### 7. februar

Tonje Tømmernes Bjørnevik	f. 12.11.2015
Penny Veivåg Fossli	f. 28.10.2015
Mathias Kristiansen Matre	f. 22.09.2015
Fredrik Næss	f. 01.09.2015
Mio Rasmussen	f. 28.10.2015
Ingrid Sivertsen	f. 22.10.2015

### 14. februar

Thea Emilie Tveiten Alden	f. 13.08.2015
Marie Julie Xavier Drønen	f. 07.12.2015
Leander Koldal Mæhle	f. 24.11.2015
Jonathan Rød Rasmussen	f. 12.10.2015
Dennis Johannessen Særvoll	f. 30.09.2015
Håkon Haddal Spangelo	f. 06.10.2015



## DØDE

Liv Bjoervik	f. 23.08.1922 - d. 20.11.2015
John Villy Haaland	f. 10.04.1949 - d. 22.11.2015
Hilary Olive Elizabeth Hole Dahl	f. 02.06.1964 - d. 24.11.2015
Einar Elisæus Engelsen	f. 06.02.1920 - d. 27.11.2015
Olav Viktor Rynning	f. 09.07.1937 - d. 27.11.2015
Ingebjørg Drange	f. 22.11.1936 - d. 05.12.2015
Nanna Langeland	f. 22.04.1937 - d. 05.12.2015
Øystein Strønstad	f. 10.12.1937 - d. 08.12.2015
Bjørn Ole Jacobsen	f. 25.11.1935 - d. 24.12.2015
Iren Nordnes	f. 03.09.1968 - d. 24.12.2015
Oddbjørn Rolf Hustad	f. 17.12.1936 - d. 27.12.2015
Eldbjørg Kambestad	f. 29.09.1930 - d. 28.12.2015
Hans O. Moberg	f. 15.08.1944 - d. 29.12.2015
Vilmar Langeland	f. 16.02.1933 - d. 07.01.2016
Oddvar Inge Lunde	f. 25.02.1934 - d. 08.01.2016
Rolf Drange	f. 13.01.1944 - d. 11.01.2016
Alf Kristian Hjellev	f. 02.01.1937 - d. 15.01.2016
Åse Neumann	f. 08.02.1937 - d. 15.01.2016
Kjell Hopsdal	f. 04.06.1931 - d. 17.01.2016
Lotte Lise Scheie	f. 29.01.1925 - d. 19.01.2016
Aagot Bahu	f. 24.08.1948 - d. 20.01.2016
Kjell Bøe	f. 13.02.1966 - d. 20.01.2016
Stein Størkson	f. 15.09.1930 - d. 20.01.2016
Hans Olai Haugland	f. 20.10.1933 - d. 27.01.2016
Margit Arentzen	f. 21.09.1932 - d. 28.01.2016
Malvin P. Lekven	f. 24.10.1926 - d. 29.01.2016
Mona Elida Kolbeinsen	f. 19.04.1961 - d. 30.01.2016
Erling Torleif Sivertsen	f. 08.12.1928 - d. 02.02.2016
Hanna Drange	f. 09.01.1931 - d. 06.02.2016
Solveig Odil Bendiksen	f. 22.09.1959 - d. 07.02.2016
Einar Hans Drange	f. 13.09.1948 - d. 12.02.2016
Solveig Målfrid Fagerthun	f. 30.10.1929 - d. 14.02.2016



## Støtt våre annonsører



**ING. G. VÅGE A.S.**

5217 Hagavik  
 Telefon.: 56 30 55 39  
 E-mail: g-vaage@online.no  
 www.vaage.as

- Autorisert elektro og teileinstallatør
- Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?  
 Når du trenger elektriker  
 kontakt Gunnar*



*Sag og høvleri*

**DRANGE BRUK A/S**

Høvel- og skurdlast  
 Panel - lister - golv  
 Trykkimpregnerte materialar

---

**ALT TIL GUNSTIGE PRISAR**

---

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
 5215 LYSEKLOSTER

**OS HAGESERVICE**  
 - alt innen hage



*Sage og fjerne trær,  
 mur og belegningsstein*

*- Ordner alt i hagen for deg!*

56 57 66 77 / 99 00 80 80  
 www.oshageservice.no

**Kyrkjjetunet i Os**

Vi tar i mot Minnesamvær,  
 dåps- og konfirmasjonsselskap,  
 kurs etc. Lokaler med kapasitet  
 opp til 80 personar. Vi tilbyr kjøken  
 - og betjening i forbindelse med  
 minnesamvær.

Kontakt oss på telefon  
 56572400 eller  
 post@os.kyrkja.no




**FUSA GRAVMONUMENT  
 ØYVIND HELLAND**

Tlf.: 56 58 14 06  
 Fax: 56 58 39 99  
 Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

## Takkoffer



Oversikt over kva vi  
 har fått inn i offer sidan  
 8. november 2015

- 15.11.15** Stefanusalliansen, kr 10.189,50
- 22.11.15** Kyrkjjetunet, kr 7.410,-
- 29.11.15** KFUK/M Bjørgvin, kr 6.347,-
- 06.12.15** Diakoniarbeidet i kyrkjelyden, kr 5.241,-
- 13.12.15** Israelmisjonen, kr 6.218,-
- 20.12.15** Misjon utan grenser, kr 3.281,-
- 24.12.15** Kirkens nødhjelp, kr 38.114,50
- 25.12.15** Misjonsselskapet, kr 10.791,-
- 27.12.15** Navigatørene, kr 2.655,-
- 01.01.16** Kyrkjjetunet, kr 6.488,-
- 03.01.16** Barnearbeidet i kyrkjelyden, kr 5.077,-
- 10.01.16** Misjonsprosjektet, kr 6.571,50
- 17.01.16** Misjonshøgskulen, kr 3 500,-
- 24.01.16** Det Norske Bibelselskap, kr 7 721,-
- 31.01.16** IKO, kr 5 155,-
- 07.02.16** Norsk Luthersk Misjons-samband, kr 6 910,-

**GRAVMINNER**  
 Stor salgsutstilling av nye monumenter  
 Tilføyelser / Oppussing



**STEINRIKET**  
 EIKNER NATURSTEIN

ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
 TLF. 55 98 70 00

EIKNER 100ÅR 2008

**Os Gravferdsbyrå as**



**Døgntelefon  
 56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
 Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

**www.osgravferdsbyraa.no**



## Skysst til kyrkja?

Har du lyst til å gå på gudsteneste, men manglar skysst til kyrkja?

Kyrkjekontoret har liste over sjåførarar som gjerne vil køyre deg til gudsteneste. Ring til kyrkjekontoret innan torsdagen før den aktuelle gudstenesta, så vil vi ordne skysst til deg.

**Tlf. kyrkjekontoret:  
56 57 24 00**

*Det gler oss om du nyttar denne tenesta!*

### English Information:

# Welcome to Church in Os and Nore Neset!

Os Parish Church welcomes you to join us in our services. We celebrate Sunday service weekly in Os Church (normally with Holy Communion), and some Sundays in Nore Neset Church.

**We also have many activities for all ages through the week in Kyrkjetunet. These include:**

- For the whole family we have taco-dinner ca once a month on a Friday (dates: 18.Mars, 15.April, 3.May).
- Family choir for the children and theirs parents, called Shubadubs, which meets every other Monday. (dates: 11.April, 25.April, 9.May and 23.May)
- Baby and parent singing during day-time every Thursday, (also in Nore Neset Church every Thursday).
- Youth club for teenagers every Friday evening.
- Youth choir called JoinUs every Wednesday evening.
- The church has two choirs for adults, called «Kyriake» and «Kyrkjekoret» (the church choir).

For the elderly we can offer two gatherings. «Senior Koinonia» twice a month on a Thursday, and «Eldretreff» first Tuesday every month. (Eldretreff is located in Kløvertun.) If you want more information, please contact the church office on phone 56 57 24 00, or check our website [www.os.kyrkja.no](http://www.os.kyrkja.no) or Facebook: Os Kyrkje (info in Norwegian only).

## Ein trufast kyrkjegjengar

Becky Ogwu Hesjedal er ein trufast kyrkjegjengar i Os kyrkja. Ho kjem alltid til kyrkja i finklede, og første søndagen i det nye året var ho ekstra fint pynta.

I samtale med Becky under 'kyrkjekaffien' fortalte ho om tradisjonen i landet Nigeria, kor ho er fødd og oppvaksen; Der har dei for vane å pynte seg før dei går til kyrkja. I møte med Gud vil dei gjerne vise si glede, og ære Gud med å vise fram den beste utgåva av seg sjølv.

### Den første søndagen i året takker vi Gud for det nye året


Denne dagen var ho kledd i ei av dei flotte fest-draktene sine. Ho fortalte at i Nigeria står dei opp tidleg og gjer unna husarbeidet, for å ha god tid til å kle seg i sin finaste stas. Denne fine tradisjonen ønskjer ho å ta vare på, og praktiserer den framleis her i sitt nye heimland. Det er ein kunst å knyte sjalet rundt hovudet så det står slik det skal, og sjølv med god øving tek dette tid på morgonkvisten.

Kan hende har vi 'litt trauste' osingar noko å lære av denne flotte kvinna?

UJH







# OS Kyrkjelyd

## TILSETTE:

### SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,  
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05  
Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

### KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

### SENIORPREST

Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

### KYRKJEVERGJE/DAGLEG LEIAR:

Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

### SEKRETÆRAR:

Elin Oldervoll Moberg,  
tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no  
Monica Refsdahl  
tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

### UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541  
Sigurd R. Thunestveit, srt@os.kyrkja.no  
mob: 930 26 747

### KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 14, mob: 45275553

### DIAKON:

Jannike Gangstø Rogne, jgr@os.kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 06, mob: 915 89 614

### KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 11  
Åse Kristin Urdahl, aku@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 09

### FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 04, mob 932 56 921

### BARNESEKRETÆR:

Stine Kobbeltvedt, sk@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 12, mob 943 96 618

### TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDER:

Gro Helen Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 15  
Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

### DRIFT AV KYRKJER/KYRKJEGARDAR:

Reidar Berge (mob 416 52 042),  
Trygve Helgesen og  
Linn Kjerstin Ø. Rondestveit

## NORE NESET KYRKJE

13.03.16 kl. 11:00: Dåp. Nattverd  
24.03.16 kl. 19:00: Aftansong. Nattverd.  
Kveldsmat.

10.04.16 kl. 11:00: Dåp. Utdeling av  
4-årsbok.  
24.04.16 kl. 11:00: Konfirmasjon

01.05.16 kl. 11:00: Dåp. Nattverd.  
07.05.16 kl. 11:00: Konfirmasjon.  
08.05.16 kl. 10:00: Konfirmasjon.  
08.05.16 kl. 12:00: Konfirmasjon.

05.06.16 kl. 11:00: Dåp. Nattverd.

## LURANETUNET

24.03.16 kl. 16:00: Nattverd.

## RAVNEBERGHAUGEN

24.03.16 kl. 17:30: Nattverd

## LIASFJELL

28.03.16 kl. 12:00

## LYSEKLOSTER KAPELL

16.05.16 kl. 11:00: Dåp.

## OS KYRKJE

06.03.16 kl. 10:00: Dåp.  
06.03.16 kl. 11:15: Nattverd.  
20.03.16 kl. 11:00: Dåp.  
25.03.16 kl. 12:00: Korsvandring kl.11  
27.03.16 kl. 11:00: Dåp. Nattverd.  
27.03.16 kl. 17:00: Dåp. Nattverd.  
Søndagssamling.

03.04.16 kl. 11:00: Nattverd.  
10.04.16 kl. 10:00: Dåp.  
10.04.16 kl. 11:15: Nattverd.  
17.04.16 kl. 11:00: Dåp. Nattverd.  
23.04.16 kl. 11:00: Konfirmasjon.  
24.04.16 kl. 11:00: Konfirmasjon.

07.05.16 kl. 11:00: Konfirmasjon.  
08.05.16 kl. 10:00: Dåp.  
08.05.16 kl. 12:00: Konfirmasjon.  
15.05.16 kl. 11:00: Dåp. Nattverd.  
17.05.16 kl. 10:00: 17. mai  
22.05.16 kl. 11:00: Nattverd.  
Sangerstevne.  
29.05.16 kl. 11:00: Dåp. Nattverd.

05.06.16 kl. 11:00: Dåp. Utdeling  
av 4-årsbok

Datoer uthevet med gult  
= Påskegudstjenester

Med forbehold om endringar.

Avs:

Os kyrkjelyd  
Postboks 209  
5202 Os

## BAKSTIDA



## Join Us Tensing

**Join Us Tensing har ca 50 medlemmer fra 13 år og oppover, og synger gospelsanger. Koret er tilknytt KFUK-KFUM. Dirigent for koret er Sanne Moesgård, 16 år.**

Koret er inndelt i grupper kor ein kan velge det ein likar best av kor, band, dans drama, og teknikk. Ein øving i månaden er via til temøving. Gruppene øver inn eit program som skal framførast på det faste vårshowet eller julekonserten. Elles deltek koret på gudstenester i Os eit par gongar i semesteret.

Koret pleier å ha to sosiale weekender, ein vår og ein haust. I tillegg får kormedlemmane tilbod om å delta på KFUK-KFUM sine arrangement Nattcup i Haukelandshallen og Vinterfestivalen på Voss.

## Velkommen til Barneklubben

**For jenter og gutar fra 8 år, i Hagavik bedehus, Strønevegen 163.**

- Onsdag 2. mars kl 18 - 19
- Onsdag 16. mars kl 18 - 19
- Onsdag 13. april kl 18 - 19

Bibelforteljing, song, aktivitetar, utlodning og saft/noko godt å bita i.

Arr: Hagavik bedehus

## Shubadubs familiekor

**Øver annankvar måndag i kyrkjetunet, kl 17.30 – 18.30. For born i alderen 2 ½ - 6 år, med forelder.**

Vi syng og leikar i ein halvtime før vi et kveldsmat saman. Vel møtt!

### Datoar:

- Måndag 11. april
- Måndag 25. april
- Måndag 9. mai
- Måndag 23.mai